

Set pris på dei nye tilboda på Sandakaien.

12.07.2017



Biblioteket på Sandakaien er allereie blitt populært blant tilreisande.

Sjølv om veret ikkje har vore det beste i det siste, er det tydeleg at tilreisande set pris på dei nye tilboda på Sandakaien. Då eg var nedom kaien i dag var det folksamt rundt det nye mini-biblioteket. Tidlegare har eg observert unge tilreisande par i konsentrerte sjakk-kampar, og Den Blå Stolen er blitt akkurat den plassen for fotografering som nokre spådde.

Det viste seg at det var to familiar, opphaveleg frå Sunnfjord, men busett i Bergen som hadde teke turen til biblioteket.

- Vi gjekk faktisk inn for å søkja ly for ei kraftig regnbyge, men dette er jo eit kjempegodt tilbod, innleia dei samtalens.

Dei fortalte vidare at eine familien budde i båt i båthamna, medan den andre budde i hytte på Rabben Feriesenter.

- Det er fint å møtast her med campingplass og båthamn så nær kvarandre, fortalte dei som ein del av bakgrunnen for at dei møttest akkurat i Uskedalen. Dei kom hit mandag og tirsdag og skal vera til i morgen, torsdag. Dei kunne fortelja at borna likte svært godt å leika seg borte i skuleanlegget. I går hadde dei også vore i stranda og samla krabbar. Dei syntes det var svært fint for ungane å feriera her.

Trass i det kjølige og sure veret var gjengen både fornøgde og smilande. Dei skulle først ein tur bortom skuleområdet og leika før dei skulle til Elins Matgleder og ha seg ein god lunsj. Men aller først ville dei stad og finna fram regnjakker.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland